



Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/2705 - 19/38001

Saksbehandlar:

Eirik Berntsen

eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:

17.12.2019

Avvist søknad om bruksendring - gbnr 185/176 Isdal

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 25.09.19. Saka gjeld søknad om bruksendring til to nye eigne bueningar underetasjen, i tillegg til ei bueining i hovudetasjen.

Planstatus

Området er regulert i reguleringsplan for *Felt H Knarvik*. Eigedomen er vist som einebustad.

VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det er i søknaden ikkje tatt stilling til planstatus. Det er ikkje gjort greie for tiltaket i forhold til plankart eller planføresegn. Det søkast om en bruksendring til eit bolighus med tre separate bueiningar. Dette åpnar ikkje planen for, og tiltaket er avhengig av dispensasjon i frå reguleringsplanen. Dette er ikkje omsøkt.
2. Det er ikkje gjort greie for noko grad av utnytting, minste utomhusoppholdsareal eller byggegrense mot veg, verken i forhold til reguleringsplan eller kommuneplan.
3. Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg ansvarsbelagt. Det er ikkje sendt inn erklæringar for noko prosjektering av tiltaket, og det er heller ikkje lagt ved gjennomføringsplan. Vigjer oppmerksam på at tiltaket også har krav om obligatorisk uavhengig kontroll.
4. Det er fleire tekniske krav som synast stride i mot byggeteknisk forskrift. Dette gjeld blant anna takhøgd, dagslys, krav om bod. Kommunen har ikkje tatt endeleg stilling til dette, men det er ikkje gjort greie for krava. Det kan synast som tiltaket er avhengig i fleire unntak i frå byggeteknisk forskrift, men dei er ikkje søkt om noko unntak.
5. Tiltaket må nabovarslast. Det er i søknaden søkt om dispensasjon i frå byggesaksforskriften § 5-2, som gjeld nabovarsel. Vi gjer oppmerksam på at det ikkje kan søkast dispensasjon i frå byggesaksforskriften, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksendring avvist. Grunngjeving fremgår av vurderinga over.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig
søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av dokumentasjonen dersom det skal sendast inn ny søknad.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gildende delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Odd Gjerde Fjellvegen 4 6856 SOGNDAL

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen Garvik 5912 SEIM